



Frekhaug Bolig AS (Hellevik Hus)
Knut Henanger
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/12576 - 20/54837

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 351/106 Landsvik

Tiltak: riving av hytte og oppføring av ny hytte
Byggjestad: Gbnr: 351/106
Tiltakshavar: Morten Morken
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig AS (Hellevik Hus)

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.06.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om auka utslepp frå hytta då tal sengeplassar aukar til 9. Søknaden skal handsamast av avdeling for Miljø og tilsyn og slamavskiljar må endrast frå 2 m³ til 4 m³. Tidligere utslepp vart godkjent i sak 11/13783 den 18.10.11.
2. Avstand frå tiltaket til eigedommar gbnr 351/36 og 351/38 er 2,0 m. Det krev samtykkje frå naboar eller søknad om dispensasjon frå avstandskravet på 4 meter.
3. Det er opplyst at hytte har bruksareal på 122 m². Det er gitt dispensasjon 03.09.19 på vilkår om at hytta ikkje skal overskride bruksareal på 120 m². Hytta må reduserast til maksimalt 120 m² eller søkjast om dispensasjon frå føresegn pkt.1.6.14 i kommunedelplan for Meland. Kravet på 120 m² er absolutt.
4. Det må sendast inn skjema for tiltakets ytre rammer og boligspesifikasjon i matrikkelen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.10.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Morken

Sollien 54

5096

BERGEN

Mottakarar:

Frekhaug Bolig AS (Hellevik Hus)

Mjåtveitflaten 55

5918

FREKHAUG